Grafisk utforming: Monica Hovland, Fjell kommune 2018

GOLF GRØNN GLEDE SOTRA TILBYR:

- Golf grønn glede Sotra tilbyr:
- Eit fast golftilbod fredagar kl. 11.00-13.00 på pitch & put-banen, kr. 50 ,- pr. time.
- Spele golf med rettleiing.
- Sosial samling i klubbhuset etter spel på banen.
- Fritt lån av køller og ballar på pitch & put-banen.

PÅMELDING

- Meld deg på til Friskliv- og meistringssenteret på tlf. 55 09 68 59 | 450 33 267.
- Sotra Golfklubb på tlf.: 415 41 084
- **Påmeldingsfrist torsdagar kl. 12.00**

HER FINN DU SOTRA GOLFKLUBB

Sotra Golfklubb og banen til Kobbeltveit Golf- & Naturpark, Berglia 10, 5363 Kolltveit.

FRISKLIVS-
OG MEISTRINGS-
SENTERET
Fjell, Sund og Øygarden

Golf
grønn glede

Sotra
Golfklubb

GOLF EIN IDRETT FOR ALLE!

Dei aller fleste kan spele golf. Gjennom Golf grønn glede vil Sotra golfklubb tilby eit tilrettelagt golftilbod som gir deltakarane moglegheit til å vere aktive etter eigne ønskjer og føresetnader.

GOLF GRØNN GLEDE

Sotra golfklubb deltek i eit prosjekt kalt Grønn glede. Prosjektet har til føremål å få menneske som av ulike grunnar ikkje er så aktive, meir ut i aktivitet og samstundes ha det kjekt. Alle golfspelarar delar opplevinga av glede ved spelet, naturoppleving og samhald.

EIN IDRETT FOR ALLE

Dei fleste kan spele golf og det er ein idrett ein kan starte med tidleg eller seint i livet. Golf er ein idrett med moderat intensitet, noko som passar godt inn i myndigheitene sine folkehelsetilrådingar.

MÅLGRUPPE

Langtidssjukemeldte, kreftramma, personar med hjarte- og karsjukdom, personar med nevrologiske sjukdommar eller tilstandar, diabetikarar, personar med psykiske helseproblem, personar med rusmiddelproblem eller andre som av ulike årsakar er til behandling.

Golf grønn glede

EXTRA STIFTELSEN

OM SOTRA GOLFKLUBB

Sotra golfklubb har ca 900 medlemmar i alle aldrar og held til på Kobbeltveit golf- og naturpark på Kolltveit. Klubben har eit unikt sosialt miljø og arrangerar golfkurs kvar månad i sesongen.

Golfbanen består av ein 9-hols hovudbane og ein 9-hols pitch & put-bane. På pitch & put-banen kan alle spele og det er ikkje krav til medlemsskap eller golfkort. På hovudbanen er det krav til golfkort for å kunne spele.

Oppå Kolltveittunellen ligg drivingrangen, ein treningsplass med 20 utslagsmatter, stor puttinggreen og sandbunker. Som deltakar i Grønn glede kan ein få 2 klipp (40 ballar) til bruk på rangen for individuell trening.